

Sykkelrebusen rundt dalen sundag

06.05.2009



Deltakinga i sykkelrebusen har vore stor i dei seinare åra og her er det kø på ein av postane 1. mai i 2008. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sykkelrebusen rundt dalen i regi av idrettslaget har vore eit svært populært arrangement i bygda dei seinare åra. Men kor har det vorte av rebusen i år, han blir vanlegvis avvikla 1. mai??

Dei utålmodige kan slappa av, han kjem berre ei veke seinare enn vanleg. Med andre ord er det duka for ny sykkelrebus sundag.

Heio er som vanleg start- og endepunkt og Merete Haugland i turngruppa fortel at arrangementet startar klokka 12. Siste påmeldingsfrist er klokka 13.30.

På Heio blir det og seld kaffi, saft og kaker og det kostar 100 kroner for kvar familie og 40 kroner for kvar person å bli med i tevlinga.

- Det er flotte premiar til beste lag og person, lovar Merete.

Trekninga i idrettslaget sitt vårlotteri skjer også i samband med sykkelrebusen, nærmere bestemt klokka 14.30.